

Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.: **2014/10824** Deres ref.:
14/2907

Saksbeh.:
Hilde Harwiss

Dato:
3.7.2014

Oppgis ved all henvendelse


Høyringsvar vedr. endring av forskrifter om eigendel og refusjon for vaksenpsykiatrisk poliklinisk verksemd og poliklinisk tverrfagleg spesialisert handsaming av rusmiddelavhengnad

Visar til samtale med Christian Sohlberg der det vart klarlagt at ein inkurie var årsaka til at Nasjonal kompetansetjeneste TSB (NK-TSB) ikkje var med i oversikten over høyringsinstansar om dette framlegget.

NK-TSB er nøgd med at departementet foreslår naudsynte presiseringar i forskrift om eigenandel. At TSB både har eit helsefagleg og eit sosialfagleg innhald skil fagområdet frå somatikk og psykisk helsevern. NK-TSB si vurdering er at dette er eit viktig premiss for å gjennomføre rusreformen etter intensjonane. Ved rusformen var eit viktig premiss at både fastlegar og sosialteneste har mulighet til å henvise til behandling i TSB. Formuleringen bør imidlertid speile NAV-reform og endring i Helse- og omsorgstjenesteloven. Av ein slik presisering bør det gå tydeleg fram om alle kommunalt ansatte som arbeidar etter Helse- og omsorgsloven /NAV-loven kan henvise til TSB, eller om det er begrenset til fastlegar og NAV-sosial.

Nasjonal kompetansetjeneste TSB vurderer det som ein viktig presisering at polikliniske konsultasjonar utført av sosialfaglig tilsette i godkjend fagstilling også kan medføre refusjon av eigenandel etter oppnådd eigenandelstak. Dette er i tråd med dagens praksis. Vi støttar derfor forslaget om å presisere at fleire faggrupper kan utføre poliklinisk behandling etter refusjon ved ein forskriftsendring. For å signalisere betydninga av den sosialfaglege kompetansen i rusbehandling i tillegg til den helsefaglege, foreslår vi at benevningane på dei sosialfaglige yrkesgruppene: barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar konkretiserast i forskriften i tillegg til formuleringen om personell.

Vennleg hilsen



Espen Ajo Arnevik

Leiar

Nasjonal kompetansetjeneste TSB

